

# **FORBØN FOR BORGARLEG INNGÅTT EKTESKAP NYNORSK**

## **INNHOLD**

FORBØN FOR BORGARLEG INNGÅTT EKTESKAP .....	2
1. MUSIKK MED EVENTUELL INNGANG .....	2
2. SONG/SALME .....	2
3. NÅDEHELSING/OPNINGSORD .....	2
4. SKRIFTLEsing .....	2
5. SONG/SALME .....	3
6. TALE .....	3
7. FRAMSTILLING AV EKTEPARET .....	4
8. FORBØN .....	4
9. SONG/SALME/MUSIKK/SOLOSONG .....	5
10. VELSIGNING .....	5
11. UTGANG .....	5

Godkjent av Hovudstyret 2.-3.12.2011

# FORBØN FOR BORGARLEG INNGÅTT EKTESKAP

## 1. MUSIKK MED EVENTUELL INNGANG

Forbønshandlinga tek til med høveleg musikk. Ekteparet kan under musikken gå inn og setje seg på plassane sine, eller dei kan ta plass framme på førehand. Det er også mogleg å arrangere prosesjon med deltaking av forlovarane, brudejenter/brudesveinar, leiar og andre deltakarar under forbønshandlinga.

## 2. SONG/SALME

## 3. NÅDEHELSING/OPNINGSORD

**Leiar:**

*Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!*

Leiaren ønskjer ekteparet og forsamlinga velkomne. Det kan gjerast med følgjande ord:

**Leiar:**

Kjære..... (fullt namn vert nemnt) og ..... (fullt namn vert nemnt). Den .....(dato) inngjekk de ekteskap i/på..... (stad vert nemnt). De er i dag komne hit til .....(bedehuset eller forsamlingshuset sitt namn) fordi de ønskjer forsamlinga si forbøn for ekteskapet dykker. Vi er samla for å høre Guds ord om ekteskap og familieliv, glede oss saman med dykk og be om Guds velsigning over dykk og heimen dykker.

Leiaren ber så for sjølve handlinga og seier noko om samlinga som no fylgjer.

## 4. SKRIFTLESING

**Leiar:**

Kjære ektepar!

Gud har skapt oss til å leve i fellesskap med han og med kvarandre. Han har ordna det slik at mann og kvinne i ekteskapet skal vere eitt og stadfesta dette fellesskapet med si velsigning.

Ekteskapet er innstifta av Gud, og er Guds gode gave.

Å leve saman som ektefolk er å leve i tillit og kjærleik, ha omsorg for kvarandre og for heimen, dele sorg og glede, bere børene for kvarandre og trufast stå ved kvarandre si side livet ut.

Guds ord seier om ekteskapet at det er heilagt og ukrenkjeleg.

Det står skrive i Første Mosebok i det første kapittel:

*Og Gud skapte mennesket i sitt biletet,  
i Guds biletet skapte han det,  
til mann og kvinne skapte han dei.*

*Og Gud velsigna dei og sa til dei:  
Ver fruktbare og vert mange, fyll jorda og legg henne under dykk.*

*1. Mos 1,27-28 a*

Og vår Herre Jesus Kristus seier i Evangeliet etter Matteus i det 19. kapittel:

*Har de ikkje lese at han som skapte dei, frå opphavet skapte dei til mann og kvinne,  
og sa:*

*Difor skal mannen forlata far sin og mor si og halda seg til kona si,  
og dei to skal vera eitt kjøt?*

*Så er dei ikkje lenger to, men eitt kjøt. Difor, det som Gud har knytt saman,  
det skal ikkje eit menneske skilja.*

*Matt 19,4-6*

Lat oss vidare høyre frå Guds ord:

Her kan andre i brudefylgjet få i oppdrag å lese. Det kan for eksempel vere forlovarane, ein frå kvar av familiene eller det kan vere vener av ekteparet. 2 til 4 skriftavsnitt kan her lesast. Det er naturleg å velje avsnitt både frå GT, evangelia og breva.<sup>1</sup>

## 5. SONG/SALME

## 6. TALE

Leiaren held ein tale over ein av bibeltekstane som er lesne ovanfor. Han kan og velje ein annan tekst frå Bibelen som passar i eit slikt høve. Det kan til dømes vere eit bibelord som ektefolka sjølv er glade i eller har eit spesielt forhold til.

---

<sup>1</sup> *Følgjande liste er eit forslag til tekstar det kan vere naturleg å velje mellom:*

Salme 23; Salme 36,6-10; Salme 91,1-2.4.9; Salme 100; Salme 103; Eit avsnitt frå Høgsongen; Matt 5,13-16; Matt 6,25-34; Matt 7,24-25; Luk 11,9-13; Joh 13,34-35; Joh 15,9-17; Rom 8,38-39; 1. Kor 13; Ef 3,14-21; Ef 5,21-33; Fil 2,1-5; Fil 4,4-8; Kol 3,12-14.18-19.23-24; 1. Joh 4,7-12;

## 7. FRAMSTILLING AV EKTEPARET

Ekteparet reiser seg og stiller seg framfor ein kneleskammel.

Leiaren står framfor dei.

**Leiar:**

..... (mannen og kvenna sine fulle namn), de har for offentleg styresmakt lova å leve saman i ekteskap. Dette løftet inneber at de skal vere eitt og halde saman i gode og vonde dagar inntil døden skil dykk.

Vil de i denne forsamlinga stadfeste lovnaden om å elske ogære kvarandre og halde trufast saman i gode og vonde dagar inntil døden skil dykk?

**Ekteparet svarar i kor:**

JA!

(Dersom paret ynskjer å setje på ringar, kan dette gjerast her.)

**Leiar:**

Då vi no har hørt dykkar lovnad om truskap, vil vi be for dykk og stille dykkar ekteskap og heim inn under Guds velsigning.

## 8. FORBØN

Ekteparet kneler.

Leiaren bed fylgjande forbøn for ekteparet, med handspålegging. Eventuelt kan og andre i fylgjet delta i forbøna, med handspålegging.

**Leiaren ber:**

Gode Skapar og Far, du som har innsett ekteskapet mellom mann og kvenne, vi takkar deg for ..... og .....(namn) og for deira kjærleik til kvarandre. Vi ber deg velsigne og leie deira liv som ektefolk. Lat ljuset frå ditt ord skine for dei så dei kan halde dei løfte dei har gjeve kvarandre.

Kjære Jesus Kristus, du som har ordna evig frelse for oss ved døden din på krossen og di oppstode, vi legg no desse to i dine hender. Lat dei dagleg få leve i tilgjevinga sitt evangelium. Gje dei freden din som går over all forstand. Vis deg for dei i Ordet ditt slik at trua på deg vert styrkt. Lat dei få erfare di omsorg og din nåde så heimen deira vert ein stad fylt av kjærleik og tryggleik.

Gode Heilage Ande, du som kallar og leier oss på trua sin veg, vi ber deg styrke desse to som kneler her. Lat dei setje si lit til Jesus Kristus, han som er vegen, sanninga oglivet.

Gje dei Kristi nåde, så dei i gode og vonde dagar held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet. Gje dei og alle ektefolk å leve ved kjærleiken si kjelde og vekse og modnast i kjærleik.

Dersom andre enn leiaren deltek med handspålegging under forbøna, kan ein eller to av desse ta del med fri bøn for ekteparet.

Forbøna vert avslutta med Herrens bøn.

**Leiar:**

Lat oss saman be Herrens bøn.

«Fader Vår» vert beden i den språkform som er naturleg.

Ekteparet reiser seg deretter og set seg på plassane sine.

## 9. SONG/SALME/MUSIKK/SOLOSONG

Her er staden for kulturelle innslag, dersom dette er ønskjeleg.

## 10. VELSIGNING

**Leiar:**

Ta imot velsigninga.

Forsamlinga og ekteparet reiser seg.

**Leiar:**

Herren velsigne deg og vere deg.

Herren la sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte si åsyn på deg og gje deg fred.

Amen.

## 11. UTGANG

Her vert det spela høveleg musikk medan ekteparet går ut.